

# KYRKJEBLAD

for Kviteseid, Vrådal, Brunkeberg og Fjågesund og Kilen sokn.

Nr. 1-2012, årgang 47.



Side 4: Møt Ingar Hovda i vårt portrettintervju.  
Side 8: Les om konfirmantweekend på Trovassli.



---

## **Kontaktinformasjon**

Ansvarleg redaktør:  
Hallvard N. Jørgensen

Bankgiro:  
Kyrkjeblad for Kviteseid,  
3850 Kviteseid - 2660 10 30615

### **Aktuelle adresser:**

Kyrjekontoret i Kviteseid  
Tlf. 35 06 81 31 – Faks. 35 06 81 28  
Adresse: Statens Hus, 3850 Kviteseid  
E-post:  
kyrkjekontoret@kviteseid.online.no

Geir Valle  
Sokneprest i Kviteseid og Brunkeberg  
Kontor tlf. 35 06 81 32  
Mobil tlf. 97 15 04 27  
Bustad tlf. 35 05 51 75  
E-post: ge-vall@online.no

Hallvard Nordbø Jørgensen  
Sokneprest i Vrådal, Fjågesund og Kilen  
Kontor tlf. 35 06 81 29  
Mobil tlf. 95 92 29 84  
E-post: marturia@hotmail.com

Olav Nordskog  
Fung. kyrkjevevjerje  
Kontor tlf. 35 06 81 31

Dagfinn Køhn  
organist  
Kontor tlf. 35 06 81 48

Werner Thorkildsen  
Kyrkjegardsarbeidar/kyrkjetenar  
For tida sjukmeld.

Jan Haugen  
Kyrkjegardsarbeidar/kyrkjetenar  
Mobil tlf. 91 12 02 48

Eilev Erikstein  
Prostidiakon, 3880 Dalen  
Mobil tlf. 91 11 35 80

### **Om bladet**

Framsidedfoto: Kjell Arne Norum  
Kyrkjefoto på framsida: Niklas Karlsen  
Utforming: Niklas og Marcus Karlsen  
Trykk: Erik Tanche Nilssen AS

Bidragstytarar i dette nummer: Hadle  
Hovda, Kjell Arne Norum, Hallvard  
Nordbø Jørgensen, Geir Valle.





## Den bortkomne sonen

Forteljinga i Luk 15 om den bortkomne sonen er vel kjent, jamvel hjå dei som ikkje er så flittige bibellesarar. Den yngste av to brør, bed om å få sin del av arven og reiser ut i verda. Der sløsar han bort alt. I si store naud søkjer han heim att og vert motteken av far sin, som steller i stand velkomstfest. Broren tykkjer det er ille, og uttrykkjer seg deretter.

Det er sagt at denne likninga om Den bortkomne sonen oppsummerer den viktigaste bodskapen i Bibelen. Det er ein sterk påstand, men det spørst om han ikkje er sann. For den fortel om kor lett det er for oss menneske å fortapa oss i ytre prakt og tome gleder - metta seg på grisemat. Konsekvensen av eit syndefullt og gudlaust liv er ikkje anna enn djup fortvilning. Ei straff som fortent, vil somme seia.

Men det er ein veg ut av ein slik lagnad. Den går gjennom anger og oppgjer. Sonen som kjem heim og

vedgår sine mange brot og mistak: "Far, eg har synda mot Himmelen og mot deg." Han vert teken imot av ein far som er grenselaus glad over forandringa.

Dette er evangeliet til oss. Det er mogeleg å forandra kurs i livet, og finna heim att til ein tilgjevande og nådefull Far - ein som tek i mot oss med opne armar.

Det vert vi sterkt minna om i påskeevangeliet. Her vert den rangsnudde og uregjerlege menneskeætta kalla til oppgjer. Det er ikkje noko lett oppgjer. Her er ingen idyll. Det er Gud sjølv, vår Far, som gjennom Jesus Kristus tek på seg syndskulda vår og ber ho opp på krossen. Dette "forsoningens mysterium" kan ikkje tanken vår gjennomlysa. Like fullt er det sant og eit evangelium til trøyst for kvar den som har bruk for det. HAHO



## På besøk hos Ingar

Denne gongen legg vi turen innom ein av bustadene på Lundenjordet. Ingar Hovda tek imot oss. Stova er lys og fin. Ingar fortel at ho er pussa opp, og ein del av møblane er fornya. Ingar trivst i bustaden sin.

Ingar har mange interesser. Frå lampa i stova heng det ei heil bunke med medaljar. Dei er frå idrettsstemne han har delteke i. Eg ser at han mellom

anna har forsynt seg godt av medaljar frå Notoddenleikane. Når eg spør kva han liker best å delta i, er svaret 60 m og kulestøyt.

Ingar er praktisk, og han liker godt å hjelpe andre. Kva liker han elles å gjera når han har fri? Svara kjem kjapt: Vaske huset og gjere reint, måke snø, skifte dekk, klippe plenen – og sitje ved PC'en.

Ingar har vore ofte å sjå i kyrkja. I det siste har han fått ei ny oppgåve som han trivst godt med. Han er blitt medhjelpar. Han ber lys for Geir og Hallvard når dei skal lese frå Bibelen.

Kvar dag går Ingar til arbeid på Arbeidssamvirket. Eg har høyrte at han er sterk i armane, og no fortel han kva arbeidet hans går ut på. Han står ute og handterer bjørkestammer som skal inn gjennom eit hol i veggen. Der inne vert dei kappa og kløyvde til fin bjørkeved. Av og til er han med inne og hjelper til med kløyvinga, eller han pakkar veden i sekkar.

Eg veit at Ingar er glad i musikk, og spør om å få sjå på CD'ane hans. Øvst i bunka ligg fleire skiver med kaptein Sabeltann. Det er musikk med trøkk i, og det liker Ingar. DDE står òg høgt i kurs. Ingar spelar sjølv òg. Kvar måndag er han på musikkskulen og spelar trommer eller perkusjon.

Ingar har mange vener. Nokre av dei treff han på samlingar med musikk og dans og mat. Andre gonger går han tur med nokon. Den kvelden eg er hos han, har han pakka til reise. Han skal på vinterleir på Tjøme.

Ingar er onkel til fleire. Når broren og onkel-borna har kome heim, har det hendt at dei har dratt på overnatting på Vesleøy saman.

Opp igjennom åra har Ingar vore



mykje i Kvitsund-miljøet, og for eit par år sidan vart han valt til æresruss. Sjølv har han gått på vidaregåande skule i Seljord og på folkehøgskule i Selbu. Han ler når eg spør korleis det var å vere så langt heimafrå. Han treivst i Selbu, men det hende at han lengta heim òg. I det heile teke har Ingar lett for å le, og han tek fort eit morosamt poeng. Ingar har budd i Kviteseid nesten frå han vart fødd, og han er eit kjent og godt andlet i bygda vår. KANO

# Filmkveld på "Yngres"

På bedehuset i Vrådal kjem born og ungdomar frå 10 år og oppover annakvar veke. Her er dei saman med Håkon Birkeland og ungdomsteamet frå Kvitsund Gymnas. 9. og 10. klasse var på skuletur då biletet vart teke. Til hausten har Yngres vore i gang i 25 år.







## Full rulle på konfirmantweekend!

Den årlege konfirmantweekenden gjekk av stabelen 2.-4. mars, på Trovassli i Øy fjell. Det vart ein triveleg og spennande leir fylt av aktivitetar, undervisning, fellesskap og god mat.

Fredagen var det fyrst ei bli-kjent økt. Vi hadde med oss heile åtte leiarar frå Kvitsund, og dei måtte presentere seg sjølve og fortelje om "flausar" dei hadde gjort i løpet av livet. Så var det

litt undervisning om kva det vil seie at vi er skapt som mann og kvinne. Vi las frå skapings saga, frå kjærleiksdiktinga i Høgsongen, og frå Jesu ord om ekteskapet i evangelia. Etter undervisningsøkta var det naturstig med lommelykter, utanfor leirstaden. Då konfirmantane og leiarane kom inn att, var det gjort klart bollar og kakao.

Laurdagen byrja med undervisning av

ekteparet Ingrid og Gunnar Grøstad Johnson frå Tokke. Ingrid underviste om korleis barnet i mors liv utviklar seg, mellom anna ved hjelp av flotte bilete av den svenske fotografen Lennart Nilsson. Deretter hadde Gunnar, som arbeider som lege i Vinje, engasjerande og lærerik undervisning om bruk og misbruk av alkohol. Etter undervisninga var det aktivitetar og konkurransar ute i snoen. Her fekk konfirmantane prøve seg på mellom anna hinderløyper og å presisjonskaste egg til kvarandre, før det vart stelt til grilling av pylser. Mot kvelden var det festmiddag med taco og is, og så leikar og underhaldning. Dagen vart avrunda med andakt og song.

Sundagen hadde vi ein time på oss på å vaske, og presten var nok litt bekymra for om det var god nok tid, eller om han kanskje måtte reise opp att seinare på dagen og gjere ting ferdig. Men konfirmantane var strålende flinke, og



Bege foto denne sida: Kjell Arne Norum





gjorde unna rydde- og vaskejobben i ein fart. Leiren vart avslutta med gudsteneste i Brunkeberg kyrkje, med påfylgjande kyrkjekaffi stelt i stand av soknerådet.

HNJ

# Leirer på Norsjø Ungdomssenter, Akkerhaugen

**Sommaren 2012**

8.-10. juni Fotball-og aktivitetsleir 5.-7. klasse

15.-17. juni, Sommarleir 2.-4. klasse

Påmelding og info: [nlm.no/leisor](http://nlm.no/leisor)

e-post: [sor@nlm.no](mailto:sor@nlm.no) Tlf. 38024432

Misjonssambandet

## Prestens hjørne

Som de ser, har kyrkjebladet fått nytt design og ny form. I mange år har Målsmia ved Tore og Ane hatt ansvaret for utforming av kyrkjebladet, men no har dei innstilt verksemda (sjå varm takk til dei annan stad i dette bladet). Difor var det nødvendig med ein del endringar. Niklas Karlsen har gjort ein flott jobb med nytt oppsett. Formatet har vorte litt mindre, medan sidetalet har gått opp. Og i tillegg har vi fått fargar, som vi ynskjer å få utnytta ved å trykke litt fleire bilete enn før. Trykkeprisen er omtrent som før, men kyrkjebladet går diverre med ein del underskot. Vi tek difor gjerne imot gåver på konto: 2660 10 30615.

Det er også litt andre endringar i drifta av kyrkjebladet. Tidlegare har det vore prestane som har hatt hovudansvaret for innhaldet i kyrkjebladet. No vil vi freiste å engasjere litt fleire folk i dette arbeidet, i ein liten redaksjon. Ta gjerne kontakt dersom dette er noko du kan tenke deg å vere med på, eller om du har tips til ting å skrive om, folk å intervju, hendingar å dekke etc. (Sjå kontaktinformasjon annan stad i bladet).

Vi håpar og trur de vil setje pris på kyrkjebladet også i "den nye versjonen!"

HNJ





## Middagar på KOS

Om torsdagane kl. 12 er det middag å få for pensjonistar i kantina på KOS.

Maten er god – journalisten har prøvesmakt. "Her glir alt ned", får eg høyre. "Vi gler oss til kvar torsdag."

Stemminga er altså god, ho òg, og prisen er rimeleg. Nokon nyttar høvet til å kombinere middagen med ein handletur til Kviteseidbyen. Det er god plass til fleire! Det er ikkje naudsynt å tinge på førehand. Det er berre å kome. KANO

## Døyppte

Brunkeberg: Sunniva Krogsæter Vala  
(døyppt i Kviteseid)  
Mari Heddejord  
Elias Aase Rue



## Døde

Brunkeberg: Svånaug Marie Thoresen  
(busett i Seljord)  
Marie Berge  
Signe Strandi  
Gunnar Anmarkrud  
Johannes Tjøninstaul

Kviteseid: Tarjei Kvålseth Midtbøen  
(busett i Brunkeberg)  
Kristian Brekka  
Hilde Spikkeland Holm  
Marthe Rui Nestestog  
(døyppt i Høydalsmo)

Fjågesund: Anna Gjertrud Mandt  
Østenå

Kviteseid: Egelef Larsen (busett i  
Porsgrunn)  
Hellbjørg Ruud  
Einar Dalen  
Agnes Omland  
Sverre Ruud  
Andrea Heimdal Pedersen

Vrådal: Reodor Wardenær

Vrådal: Halvor Snøås  
Olav Ibrekk  
Olav Rønningen

Foto: Kjell Arne Norum



## Takk til Målsmia

Sidan 2002 har kyrkjebladet brukt Målsmia til å setje opp bladet. Dessutan har dei ordna kontakten med trykkeriet. Tore Skaug og Ane Borgen er profesjonelle avisfolk. Dei har vore til stor hjelp. Dei har synt venleg tolmod og fleksibilitet i samarbeidet med oss amatørar, og dei har hjelpe oss til å lage eit blad som vi veit vert lese av mange. Hjarteleg takk for innsatsen! Geir Valle og Kjell Arne Norum

# Gåver til Kyrkjeblad for Kviteseid 2011

Eilefsen 200, Hanne J.G.Roholdt 300, Elisabet Vesterdal 200, NN 200, Aasne M. Straumsnes 300, NN 100, Kirsti Bredalen Skjæveland 200, Dagfinn Nyland 150, Audhild Hustveit 200, Gunbjørg Fundli 100, Hans Øy 200, Torbjørn Lauve Grave 200, Arne Tormodsvik 200, Anne Versto Edvardsen 200, Eldrid Juklerød 200, Asbjørn Eilefsen 200, R og K. Torsdalen 200, Hadle Hovda 200, Harald Borgejordet 200, Gunleik Halvard Verstod 150, Tore Blom Midtsund 200, Jakob Olimstad 200, Nils Ettestad 200, Svanaug Turine Johansen 200, Bjørg Alise Nekstad 100, Bjørg Alise Nekstad 100, Astrid Åmot 100, Terje Noralf Nekstad 200, Kittil Brenne 200, Astrid Lillian Mjelland Hafskjold 200, Olav Guttormsen 200, Halvor Lind Kråkenes 250, Mathilde Fjeldstad 150, Torbjørg og Aslak Holte 200, Olav Mosdøl 200, Anna Midtgard 200, Gjertrud og Sv. Bjørn Sørensen 200, Gunn Elisabeth Strand 100, Styrkår Berge 200, Jon Inge Findreng 200, Mary Opsund 200, Bodil Hauge 100, Olav Kvålseth 200, Kurt Nødland 204,82, Jørgen Moen 300, Aud Guttormsen 100, Anny Lillian Kvålseth 100, Mona og Gunnar Råmunddal 100, NN 100, NN 100, Liv og Ferdinand Kveven 200, Agnes Kleiv 100, Guro Kjeldal 200, O og T Noraberg 200, Gudrun J. Haugan 100, Kate Lønnegraff 100, Ester H Midtgarden 100, NN 150, NN 200, Anlaug og Gunnar Råmunddal 200, Anlaug Groven 200, NN 200, Gunn-Gunnar 200, Kjell A Thomassen 200, Hege og Finn Jacobsen 100, Kari og Gunnar Eilevstjønn 100, Øydis Tveit 150, G og T Aabø 200, Ordny og Knut Lehn 200, Ingrid og Hans Kilen 200, NN 200, Solveig Florentz 200, NN 300, Aasmund Kleiv 100, Torjus Per Nordbø 200, Signe Ninni Nordnes 200, Egil Edgar Halsvik 200, Sidsel Magnus Evja 200, Åsmund Høydal 200, Else og Olav Ibrekke 200, Olav Hauge 200, Oline Brandvoll 200,

Halvor og Ingrid Meinstad 200, Anna Sanden Teie 200, Karin Johanne Haugan 150, Anne Kristin Westermoen 200, Anne Hege Stavenes 300, Marie Omtveit 100, Halvor Bjåland 100, Gunhild Marthe Gundersen 100, Marit Ims Øy 200, Kathe Vigdis Sundsbarm 100, Bjørg G Ståland 100, V og A Reinskås 100, Anne B Hurvedal Jesgars 200, Alv Suvatne 200, Bergit Findreng 300, NN 150, Eivind Findreng 100, G og Tarald Moen 150, Hans Steinar Woldstad 200, S og O Vesterdal 200, Berta Lundeberg 200, NN 100, NN 200, Signe Waldenstrøm 200, Ingebjørg Fagerlid 200, Reidun og Erling Midtbøen 200, Magnhild Bergland 100, Tordis Lindestad 200, Klara Dalen 150, Gro Anette Bakken 200, Hildegunn Marie Rui 200, Oddvar Landsverk 100, Gunhild Tomine Dobbe 200, Hallvard Aabø 200, Signe Eilevstjønn 100, Gerd Strand 200, Sigrid Hauge 250, A Aa Aabø 200, Kristine Haugen 200, Jorunn Rødbakk 100, NN 100, H og Jon K Myrland 200, Jon H Handel-Saastad 100, Bjørg Karin Nordlien 100, Oddmund Sandland 200, Olaug Røise 200, A og A Tormodsvik 200, Anne Øygarden 200, Christopher Morten Lundevall 250, Petter Olav Wraa 300, Neri Hovden 200, Kjellaug Johanne Strandkås 200, Solveig Aass Kristiansen 300, Gunvor Mandt 200, Hilda Midtun Lundeberg 100, Gunn Kari Fossjord Jessen 100, Signe Aud Jore 100, Tove Midtbøen 200, Roger W Løfgren 300, Dagny Findreng 200, Dagfinn Nyland 150, Olav Nordskog 300, Arvid Syftestad 200, Ådne Arne Naper 200, Jan Einar Eng 300, Olav Mosdøl 200, Knut Gjersund 200, Lisbeth Farmen Aabø 200, NN 100, Olav Fjalestad 200, Gunbjørg Fundlid 100, Geir Valle 300, Kjell Anders Lindheim 200, Brita Sandland 200, Turid Sandvik 200, Torjus Søilverud Moen 200, Tore Torsdalen 250, til saman motteke kr 28 804,82 gjennom 2011.

Returadresse:  
**Kyrkjeblad for Kviteseid**  
**Kyrjekontoret**  
**3850 Kviteseid**

# Gudstenester

## MARS

**25. Maria bodskapsdag Luk. 1, 46-55**  
Kviteseid kl 11. Valle. Dåp. Of. Israelsmisjonen.

**28. Onsdag**  
Kviteseid 19.30. Jørgensen. Taizé-gudsteneste.

## APRIL

**1. Palmesundag Matt.26,6-13**  
Vesterdal kl 12. Friluftsgudst. Jørgensen.  
Of. Blå Kors. Tak med stol og niste.

**5. Skirtorsdag Luk. 22,14-23**  
Vrådal kl 11. Jørgensen. Nattverd.  
Of. kyrkjelydsarbeidet  
Brunkeberg kl 18. Jørgensen. Nattverd.  
Of. Bispedømerådet.

**6. Langfredag Mark 14,26-15,37**  
Kviteseid kl 11. Valle. Of. kyrkjelydsarbeidet.  
Fjågesund kl 18. Valle. Nattverd. Of. Kirkens SOS.

**8. Påskedag Matt.28,1-10**  
Kviteseid kl 11. Jørgensen. Høgtidsgudst. med  
nattverd. Kyrjekoret. Of. NMS.  
Vrådal kl 11. Valle. Høgtidsgudsteneste med  
nattverd. Of. NMS.

**9. 2. påskedag Matt.28,1-10**  
Brunkeberg kl 11. Valle. Høgtidsgudsteneste med  
nattverd. Of. NKSS.

**15. 2. s. i påsketida Joh.21,15-19**  
Vrådal kl 11. Valle. Of. misjonsprosjektet  
Kviteseid kl 16.30. Valle. Familiegudsteneste.  
Unge Røyster. Of. ACTA.

**22. 3. s. i påsketida Joh.10,1-10**  
Fjågesund kl 11. Valle. Of. kyrkjelydsarbeidet.  
Brunkeberg kl 18. Valle. Kveldsgudsteneste.  
Of. Himalpartner.

**29. 4. s. i påsketida Joh. 13,30-35**  
Kviteseid kl 16. Jørgensen. Samtalegudsteneste med  
konfirmantane frå alle sokna.  
Of. Stefanusalliansen

## MAI

**1. Tysdag 1.mai Luk.14,12-14**  
KOS kl 11. Valle. Of. Kristen Arbeideres  
Forbund.

**6. 5. s. i påsketida Luk 13,18-21**  
Vrådal kl 11. Vikar. Familiegudsteneste. Kviteseid  
Barnegospel.  
Of. Barne- og ungdomsarb. i Vrådal

**13. 6. s. i påsketida Matt.7,7-12**  
Kviteseid kl 11. Valle. Nattverd. Kyrjekoret.  
Of. NLA.

**17. 17.mai Matt.22,17-22**  
Kviteseid kl 11. Valle. Of. kyrkelydsarb. Born og  
unge.  
Vrådal kl 11. Jørgensen. Of. kyrkjelydsarbeidet.  
Fjågesund kl 12.30. Valle. Of. Rachel Trovis Stiftelse.  
Brunkeberg kl 13.45. Jørgensen. Of. Kirkens Nødhjelp.

**20. Sundag før pinse Joh.3,16-21**  
Brunkeberg kl 11. Valle. Konfirmasjon.  
Of. gåvebok til konfirmantane.  
Fjågesund kl 11. Jørgensen. Konfirmasjon.  
Of. Kirkens Nødhjelp.

**27. Pinsedag Joh.14,15-21**  
Kviteseid kl 11. Valle. Konfirmasjon.  
Of. Sjømannskirken.  
Vrådal kl 11. Jørgensen. Konfirmasjon.  
Of. Barne- og ungdomsarb. i Vrådal.

**28. 2. pinsedag**  
Inga gudsteneste.

## JUNI

**3. Treeiningssundag Luk.10,21-24**  
Vrådal kl 11. Valle. Nattverd.  
Of. Kvitsund gymnas.

**10. 2.s. i treeiningstida Joh.3,26-30**  
Kviteseid gamle kl 11. Valle. Nattverd. Of. Kirkens SOS.

**17. 3. s. i treiningstida Joh.1,35-51**  
Brunkeberg kl 11. Jørgensen. Nattverd.  
Of. kyrkjelydsarbeidet.

**24. 4. s. i treeiningstida Matt.16,24-27**  
Vrådal kl 11. Jørgensen. Of. Sjømannskirken.